



Saksframlegg

Klage - Krav om omgjeriing/oppheving av delegert vedtak nr. 128/26 - endring av gitt tillatelse gbnr. 38/133 Molandsmoen datasenter

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Reguleringsplan for Molandsmoen industri og friluftsområde, planid: 202201

Vedlegg

- 1 Klage på delegert vedtak nr. 128-26 Molandsmoen datasenter.pdf
- 2 Vedtak - søknad om endring av gitt tillatelse gbnr. 38/133
- 3 Datasenter, Molandsmoen - tillegg til endringssøknad
- 4 Vedlegg Anette Lie.PDF
- 5 Signert nabovarsel Eldri Marie Nedrebø.pdf
- 6 Signert nabovarsel Anette Lie.pdf
- 7 Signert nabovarsel Hallgeir Lund.pdf
- 8 Signert nabovarsel Jostein Nedrebø.pdf
- 9 Signert nabovarsel Ådne Libjå.pdf
- 10 Tilsvar nabomerknader.pdf
- 11 1_Skjema.pdf
- 12 2_KART_Situasjonsplan_D1 Situasjonsplan.pdf
- 13 3_TEGN_TegningNyFasade_E1_Fasade Nord og Øst.pdf
- 14 4_TEGN_TegningNyFasade_E2_Fasade Syd og Vest.pdf
- 15 5_TEGN_TegningNyttSnitt_E3_Snitt 1 og 2.pdf
- 16 6_KORR_Følgerev_F1_Følgerev.pdf
- 17 7_KORR_KvitteringNabovarsel_Nabovarsel_kvittering.pdf
- 18 8_KORR_Nabovarsel_Nabovarsel.pdf

Bakgrunn for saka:

Det vart i delegert vedtak 128/26 17.04.2026 gitt løyve i tråd med søknad om endring av rammeløyve og IG 1 for bygging av datasenter på Molandsmoen gbnr. 38/133-134.

Anette Lie har klaga på vedtaket i brev 21.04.2026, Lie er nabo til tiltaket og har klagerett, klaga var rettidig.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Den samla vurderinga til Lie er gjengitt under:

Mangelfull vurdering av tiltakets omfang og heilskapleg høgde, manglande visualisering av faktisk totalhøgde, mangelfull rettsleg vurdering av tiltaket opp mot reguleringsplanen, samt sviktande dokumentasjon av støvføresetnader, inneber etter mi vurdering vesentlege saksbehandlingsfeil.

Kommunen har vurdert at endringane det er søkt om i søknad om endring framleis er i tråd med reguleringsplanen for området.

Føresegn knytt til byggehøgder i planen har slik ordlyd:

Maksimal møne-/gesimshøgde for område #1 er 25 meter. Ventilasjonsrør, piper og liknande kan overstige maks mønehøgde med 5m

Teikningane syner at gesims blir 25 m og teknisk anlegg maks 5 m.

Det er peika på at konsekvensutgreiinga har dokumentera nærverknad for Snartland og at endringa ikkje er vurdert opp mot dette. Konsekvensutgreiinga syner bygningskroppar med 25 m høgde i heile flata og på 70% av arealet slik BYA tillet.

Omsøkte bygningar er ikkje 25 meter på heile grunnflata og BYA er totalt 40,6 %. Dette er altså godt under kva som var grunnlaget i konsekvens utgreiinga.

Det er også framstilt påstand om manglande dokumentasjon av støy. Kommunen har motteke støyutgreiing for tiltaket, denne er offentleg tilgjengeleg. Endringane som er søkt om endrar ikkje forutsetningane knytt til støy.

Klagar ber om utsett iverksetjing.

Konklusjon:

Alle tilhøve som er påklaga i tiltaket held seg innafor krava i reguleringsplanen.

I følgje plan og bygningslova §1-9 2. ledd kan det *i byggesaken ikke klages på forhold som er avgjort i bindende reguleringsplan, ved dispensasjon eller i tidligere vedtak i byggesaken, og hvor klagefristen for disse vedtakene er utløpt. Dersom det finnes hensiktsmessig, kan klagen realitetsbehandles i stedet for å avvises.*

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for plan og miljø finn ikkje grunn til å ta klagen frå Anette Lie til følgje.

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-2 jm §1-9 2.ledd blir klagen send til statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med følgjande fråsegn.

Kommunen sluttar seg til vurderinga til rådmannen slik ho går fram av dette saksframlegget, og meiner klaga ikkje bør takast til følgje.

Klaga får ikkje utsetjande verknad for delegert vedtak 128/26 av 17.04.2026 fordi forholda det klagast på er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør